

Økonomiforum 18.11.2015

Kirsti Aarøen, Kari Eidsheim og Randi Nordås deltok frå Økonomiavdelinga (ØA), og informerte om diverse saker knytt til BOA:

- BOA-teamet har starta opp og det vart informert litt om intensjonen med og planane for teamet.
- BOA-wiki skal vidareutviklast og planen er at all informasjonen etter kvart skal vere tilgjengeleg på ansattssidene, ikkje som ei eiga wiki-side.
- Prosjektleiarrapport er gjort tilgjengeleg, men ein treng passord for å kome inn. Kjem meir informasjon frå ØA om korleis ein kan logge på.
- Rapport over samanhengar mellom PA og GL er utarbeida og vert informert om i kurs neste veke.
- Løysing for fleksibel kostnadsoverhead på aktivitetsnivå er no implementert i PA, og det vart informert litt om dette. Om ein skal endre for prosjekt som allereie er oppretta, må ein ta kontakt med ØA.
- Ny budsjetteringsmal for PA er snart klar, og malen vart demonstrert. Før malen vert rulla ut ønskjer ØA nokre fleire pilotar til å teste. Send e-post til okonomi@mnfa.uib.no om de har tid til å teste ved å budsjettere eit prosjekt. Foreløpig må ØA laste budsjettet inn i systemet, men ein jobbar med løysing for dette.
- Det vart sendt ut e-post om årsavslutting knytt til BOA nyleg. Denne vart også gjennomgått.
 - Riksrevisjonen vil i samband med årsrevisjon for 2015 ha ekstra fokus på om ferdige prosjekt er avslutta i systemet. Det vert derfor ekstra viktig å ha fokus på dette fram mot årsavslutting, og ØA oppmoda om å nytte tilbodet om workshop, der ØA og prosjektøkonomar sitt saman og avsluttar prosjekt. Send e-post til okonomi@mnfa.uib.no om de har behov for workshop, slik at vi kan samordne og få satt opp workshop for fleire institutt samtidig.
 - På grunn av at ØA planlegg å legge om prinsipp for periodisering av overforbruk på BOA, vert det i år også ekstra viktig å ha fokus på differansar mellom inntektsført og kostnadsført.
 - Bruk elles e-posten sendt frå ØA 9. november aktivt som sjekklister i arbeidet fram mot årsavslutting, og merk at det er fleire fristar allereie i november.

I tillegg hadde vi ein rask gjennomgang av differansar mellom inntektsført og kostnadsført i PA, samt avstemming av interne prosjekt (7xxxx). Bruk oversikt sendt ut frå fakultetet i samband med rekneskapsrapportering per oktober ved avstemming. Prinsippa for avstemming av prosjekt 700910 og korleis ein kan bruke Discoverer-rapportane D22 og PA02 i dette arbeidet vart også raskt gjennomgått.